Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Årdal

Emne:

Bygdelag: Øvre og Nidre Årdal

Oppskr. av: Sigurd Eldegard med hjelp av. Kyrkjes. T. Hovind

Gard: Eldegard

(adresse): Årdalstangen

G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

/

Balk A. SVAR Hardangerfela.

1. Instrumentet har vore kjend so lenge nokon kan minnast og namnet har alltid vore „fela"

Namnet på dei ymse deler av fela: Hovud, hals, fingrebrett (eit.) stadl, (ein) (stol). lok, i loket. lydhol (eit.) trösk (ein) og botn. Dertil boge og felehus (felekasse) Dei gamle brukta ofte eit plagg (eit.) (eit. stykke töy.) ofte ciekeplagg i staden for felehus —

2. Fela har vore i bruk so lenge her i bygdi at det er urad å segja

1003

når ho kom hertil
I eldre tider var det mykje samband millom Årdal og dei övre bygder i Valdres. Det er difor rimeleg at fela er komen til Årdal frå Valdres, helst frå Vang.
Om bruken er å fortelja at fela framleides er i bruk om ikkje so ålment som för. Til dans vert no helst bruka trekkspel då felemusikken vert for veik i dei store rom som no oftast vert nytta til dans. Men felemusikk vert av og til nytta til underhald ved ymse tilstellingar og ved sida av trekkspel ogso til dans.
I heimane vert fela nytta som för til hugnad og tidtröyte. Og bygdefolket, i alle höve dei eldre, er svert glade i god fele-

1003
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

= musikk

3. Felene har både vore laga i bygdi og kjöpt. utanfrå. Men skulde ein felespelar ha ha ei retteleg god fela måtte han få ho frå ein kjend felemakar. I eldre tider var Trondfeler frå Valdres og "Helderfeler, visst- nok frå Skienskanten, serleg godt lika. På ei gamal fela som enno er i bygdi (hjå bonde Einar O. Timmer- = sletti, Övre Årdal) står det: „Flatebö 1760"

I dei seinste tider har felene ein nytta helst vore frå desse felemakarane: Röstad og A. C. Eleven (Oslo) Fröysä (Gjövik) K. O. Rudi (Heggenes Valdres) og Helland (Skien)

Av bygdefolk som laga feler kann nemnast: Brörne Jörgen, Sören, og Ola Sjursen Eldegard og Tomas A. Vetti. Desse er döde no Dei laga feler berre til eige bruk. Sövrin H. Hestetun har laga nokre retteleg fine og gode feler; men heller ikkje han har arbeidt feler til sal. Sövrin Hestetun

lever enno og er knapt 60 år gamal.

4. Fela er avlang rund med eit. innsving på kvar side midt- for „stadl“ (strengestolen) Fela er såman = sett. av botn og lok som vert haldne frå kvarandre av „tröskan“, eit. tunnt og smalt trestykke böygd i den form som botn og lok har. Til dinne „kassin“ er halsin med plass for stillings-nabbar og ovst. eit - hovud pålima. Hovudet. er treskurd gjerne eit. kvinneandlet. eller eit - drake hovud. Dette skal berre tina til pryd Ovanpå halsin er fingre = brettet pålima, slek at det. vert- plass for understrengjene under fingrebrettet

Attanfor „stadl“ eit- likn-ande brett som fingrebrettet og til dette er både over- og understrengjene feste. Dette bakbrettet- kann ein kalla det. er med ei strenglykkja fest. til ein tapp av tre som er bora gjenom „tröskin“ lengst. nede eller bak på fela Både fingrebrettet og bak = brettet er fest- slek at dei ikkje tek med i loket. Millom

1003
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brettì, midt- for lydholi i lokel. står „stadl" og på denne kviler strengjene. Inne i fela litt attanfor „stadl" står ein lydpinne mellom botnen og loket. Nokre mål på ei fela: lengd 65 cm, breidd 21. cm, högd 6. cm. Fingrebrett 24 cm langt, grep eller hals 13. cm.

På ei fela er det. 4 over-strengjer og talet- på under-strengjer kann ymse frå 2 og opp til 6.

5. Svartore vart. rekna for beste vyrke til botn, men rebjörk var ogso nytta. Til lok vart. nytta furu og lokel. var saman-sett av tvo stykker, eit. grov-vakse på ters og bass-seida og eit. meir finvakse stykke på kvart- og kvint.-seida. Under skoytin var det-pålimma ein kjelke, som både skulde stiva av og tetta skoytin. Alt. var heimlegt vyrke. I det seiste har du tekë til å brüka ymse utanlandske tresortar

6. Reidskapi du nytta til felearbeid var i eldre tid helst- kniv – talekniv – og

eit gravejarn, liknande
det ein laga sleiver og
treskeier med. (Kva slag
reidskap som no vert brúka
av dei som er fakmenn
på dette omkvervet veit me
ikkje.) Hovud og hals vart
fyrst tillaga. So arbeidde ein
botn og lok og lima tröckin
fast mellom desse. På same
lit lima dei halsen fast
til klangkassen, kann me
kalla det. So vart fingrebrettet
pålima og bakbrettet påsett.
Det siste var å setja på stadle
og so strengja fela som dei
sa – setta på alle strengjene
I eldre tider laga dei og
felebogane sjølve. Av tre,
eit kvistfritt emne, laga
dei bogetreet med spiss
liknande som no. Det
stykket ein strammar bogen
med var ogso av tre. Til å
stramma bogen nytta dei
ein måte som me skal freista
syna med eit ress:




Gjenom strammestykket feste
dei ei strenglykkje. Oppå
endan av bogetreet var ned
i felt eit metalstykke med
skorer. Når dei vilde stramma

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bogen, fordi du stramme
stykket attende og feste
strengstykkja ned i ei skora
på metalstykket. Til tagl
bruka du hestetagl. Dei
stöypte endane av taglet
fast med i hol i speiss og stram
-mestykke, med bråna har-
peks.

7. I den eldre tid nytta dei
berre tarmstrengjer. Men
ters og bas hadde ei vaving
(ei) (vikling) av tunn me-
taltråd. Fyrst seinare kom
det i bruk metalstrengjer
sokalla stalkvint og no
stalstreng med vaving av
tynn aluminiumstråd til
kvart. Taglstrengjer har me
ikkje kjennskap til.
Dei eldre hadde strenge-
stol sjølve og spann av tarm
og våva strengjene sine sjølve
Eit slikt reidskap finst
enno hjå bonde Einar O.
Tennersletti i Øvre Årdal
I den seinare tid er det
berre nytta kjøpestrengjer
Helst dei sokalla Tanitullei
strengjer frå felemakar
Rudi på Heggenes i Valdres

8. So vidt me kjenner til
har det ikkje vore noko
avgjerande brigde på

1003

felene, når ein ser bort
frå litt skilnad på stor-
leik og al. dei vart pryda
på ymse måtar.

9. Fela vart i den eldre tid
helst halden mot bringa
No vert fela helst haldin
mot hals og hoke. Kjenner
ein spelemann, som lever
enno. Ola Opdøl, Skogstad
Valdres, som stöår vinstre
handi og fela mot venstre
lår og spelar med fela
i denne stilling.

Ein spelar på den måte
at ein grip over halsen
og fingrar med vinstre
handi og förer bogen
med den högre. Men
kjenner ein spelemann
som fingrar med högre
handi og förer bogen med
den vinstre. Denne spele-
mannen lever enno, han
heiter Jens Åretun, og bur,
so vidt me veit, på Åretun
i Lærdal

Fela vart helst brüka
til dans, i brudlaup og
danselag, og so til tid-
fröyte og hugnad heime
I brudlaup vart fela ogso
nytta til fyrespel for

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brudeparet, når dei for til Kyrkja. Vidare vart fela bruka til dei sokalla „vakestovspel" som vart håldne når nokon var dod - før liket var lagt i Kista. Når dei „heldt vakestovspel" som dei sa, spela og dansa dei og hua (ein) (høgt rop) og skreik. Ein gamal mann me tala med, bonde Ola T. Lagreid, Ardalstangen sa, at det var svert lenge sidan dei var slutta med desse vakestovspeli - korkje han eller far hans hugsa til det. Han sa vidare at det vart tala so mykje om å vera skinndød og han trudde at desse vakestovspeli skulde tena til å prova å vekkja opp att den døde, om han var berre skinndød.

Veit ikkje om fela har vore brukka til å lokka på fe, men ho mor, Olina Eldegard fortalde etter far sin at han høyrde ein fegjætar „ludla (ein) åt fel-sitt fyrr" Kyrene la seg til kvile for natti. Å ludla er det same som å tralla

ein slått.

10. Her i Årdal har det lerre vore brüka hardanger = fela og veit ikkje om nokon variant av denne. Sjå elles punkt. 8.

11. Dei nytta innfelling av perlemor i ymse mønster på fingrebrett og lakbrett og ofte innfelling av perlemor rundt-kanten av lok og botn og på stillings-nalbane (skrüvane). Viser elles til punkt 4.

12. Til dette spursmål veit me ikkje noko anna å svara enn at det av sume vart halde for å vera synd å spela på fela. Soleis hende det at ei fela vart knasa over ein stalsrygg.

13. Av dei spelemenner frå bygdi her, som er døde, var Sjur Ingelbregtsen Eldegard (fødd 1834) rekna for å vera den beste. Tomas Andreassen Lagreid, eller „Storren" (fødd 1825) var og ein flink spelemann. Likeeins Eivind O Svalheim, eller „Spel-Eivind". Tomas Hermundsen Medtun



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller „Skorpin" (fødd 1803) Ola Olsen Halsaker. eller „Steindin" fødd 1808) og Tomas Kristoffersen Midtun (reist til Amerika) var og bra spelemenn.

Av yngre+, avdøde spele-menn (frå yngre tid) kann ein nemna desse: Jørgen Sjursen Eldegard, Søren Sjursen Eldegard (fødd 1868) Ola Sjursen Eldegard (fødd 1876) Jakob N. Kvam (fødd 1864) og Anders T. Moen. eller „Moåbakkin"

Desse spelemenner frå Årdal lever enno:

Sigurd S. Eldegard (fødd 1893) Johanna S. Eldegard (fødd 1906) Eirik S. Elde-gard (fødd 1902). Brita S. Eldegard (fødd 1908) Sverre S. Eldegard (fødd

1922) Torvald S. Eldegard (fødd 1924) Sigurd Sjursen Eldegard (skodespelar) Tomas Sjursen Eldegard Karl Sjursen Eldegard Ingulf Jörgensen Eldegard (bur i Amerika) Sevrin H. Hestetun, Anfinn J. Vetti; Anton P. Halsæter, Tomas A Nordheim. Erling A. Nordheim Tormod H. Moen, Einar O. Temmersletti; Ingebrigt Ingebrigtsen Eldegard, Ola Øren. Karl H. Løgreid. Wollert. J. Klingenberg, Ola S. Asperheim, Ola F Asperheim, Ingebrigt O Jevnaker og Velken H. Lysne"

---

Av andre instrument som har vore bruka, skal me (berre kort) nemna:



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Munnharpa (harpa), Salmodikon (bruka av ein lærar for lenge sedan) Langeleik og bukkehorn.

Har so litin kjenskap til desse instrument at me ikkje har noko å fortelja

Nels N. Valdal spela på munnharpa. Nels er død no, og det er ingen i bygdi som brukar dette instrumentet no lenger.